



Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2019.

I 2019 hadde Ålvik sokneråd 6 møter.

Medlemmar fram til 01.11.2019: Ida Lindøe, Borghild Sofie Lygre, Eva Margrethe Oppen, Merethe Salvesen Wallevik, Jannike Dahle Augestad, Lillian Aga, Øyvind Larsen, Kjell Ove Kvåle, Ester Aalvik Hauger og sokneprest Lars Arne Vik. Vara var Rune Hjøllo, Ann-Karin Aarvik Nilsen og Guro Rosseland.

Leiar: Ester Aalvik Hauger
Skrivar: Jannike Dahle Augestad
Kasserar: Lillian Aga.

Medlemmar frå og med 01.11.2019: Ragnhild Irene Nordheim, Knut Hovland, Lisbeth Henriksen, Aud Aga, Eili Hovland, Gunn Marie Aalvik, Tove Øvrevik og Charlotte Olsen. Vara; Jarle Garen, Solveig Botnen, Gunn Karin Øvrevik, Øyvind Larsen, Isak Linga.

Leiar: Ragnhild Irene Nordheim
Skrivar: Lisbeth Henriksen
Kasserar: Aud Aga

Statistikk kyrkjelege handlingar.

	2017	2018	2019
Døyppte	5	5	7
Konfirmerte	8	8	7
Vigslar	0	1	1
Gravferd/jordpåkasting	10	12	7

Statistikk gudstenester.

	2017	2018	2019
Gudsteneste	18	19	17
<i>deltakarar</i>	1111	975	864
<i>snitt pr gudsteneste</i>	62	51	51
Gudsteneste med nattverd:	5	6	4
<i>deltakarar nattverd:</i>			45
Andakt Ålvik Pensjonistheim	14	12	16
Kyrkjetreff (ettermiddagstreff)	6	6	6
<i>deltakarar kyrkjetreff:</i>			73
<i>snitt pr kyrkjetreff:</i>			12
kulturkveld			2
<i>deltakarar</i>			82
Syng jula inn			104
Konsert			47
Strikketreff			4
<i>deltakarar strikketreff:</i>			80

Gudstenester.

I 2019 vart det halde 17 gudstenester, fram møtte 864 personar. 1 av gudstenestene har vore sær s tilrettelagt for borna, og 2 av dei særleg tilrettelagt for ungdommen. Ei har vore tilrettelagt for skulelevane. Det har vore 4 gudstenester med nattverd. 7 born er døypte. Det var 7 konfirmantar, 1 vigsel og 7 gravferder. Gravferdene hadde 898 deltakarar. Det er arrangert 5 felles gudstenester med andre sokn.

Andakter.

Det har vore 16 andaktar på Ålvik pensjonistheim ved Dag-Endre Hansen og sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet takkar dei for innsatsen.

Kyrkjetreff.

Det har vore 6 ettermiddagstreff med talar/foredrag, med musikk og matøkt. Det var Eva Margrethe Oppen som la til rette for desse gode ettermiddagstreffa. Om lag 12 personar deltok kvar gong. Organiseringa av ettermiddagstreffa står sokneprest Lars Arne Vik for. Ein stor takk for innsatsen til begge.

Konsertar/ tilskipingar.

01. november 2019 Konsert med Marianne Juvik Sæbø og Vidar Eldholm. 47 deltakarar

21. november 2019 Salmekveld med Laudamus. 32 deltakarar

16. desember 2019 «Syng jula inn» . Organist Margrete Lid Kjosås, Ragna Helene Soldal, Sveinung Augestad og Bjørn Tore Wallevik , samt Ålvik musikklag hadde innslag. I tillegg felles salmesong. 104 deltakarar.

Kyrkjeleg felle råd.

Ålvik sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege felle råd var Ida Lindø og Eva M. Oppen. Det nye soknerådet sine prepresentantar er Lisbeth Henriksen og Knut Hovland. Vara er Gunn Marie Aalvik og Tove Øvrevik. Rådet har halde 6 møter. Sjå elles eige årsmelding for felle rådet.

Kyrkjebladet.

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal hadde representantar frå dei ulike sokneråda i redaksjonen. Ålvik sokneråd sin representant var Øyvind Larsen. Grunna omlegging av redaksjonen har ikkje det nye rådet ein representant.

Konfirmantarbeid.

Fasteaksjon 2019 var i april. Soknerådet organiserte innsamlinga. Konfirmantar med nokre foreldre samt 2 representantar frå soknerådet var bøsseberarar og hjalp til med køyring.

Samtalegudstenesta vart halde i april. Soknerådet skipe til konfirmantfest på Ålvik Pensjonistheim i etterkant av gudstenesta. Her var det program, og det vart servert varm mat og kaffimat. Soknepresten leia heile samlinga.

Det var kateketen Mampionona Andriamandimby og sokneprest Lars Arne Vik som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik.

Trusopplæringstiltak.

Det har vore utdeling av 4- årsbok og 6- årsbok (inkludert førsamlingar).

Tårnagent: 10 barn og 6 vaksne.

Konfirmant: omtala tidlegare i årsmeldinga. Ålvik sokneråd gav konfirmantane Konfirmantbibel og smykke med steinkors i gåve.

Ålvik barnekor har diverre hatt pause dette året.

Kyrkjetenar.

Eva M. Oppen var kyrkjetenar i 2019 . Soknerådet takkar for godt arbeid og god hjelp i oppstarten med nytt sokneråd.

Klokkar.

Ingvild L. Kvåle var klokkar i Ålvik Kyrkje fram til og med august 2019. Frå og med august 2019 overtok Anja Øvrevik Lofthus som klokkar. Ein stor takk til både Ingvild og Anja for godt arbeide.

Frivillige.

22 frivillige medarbeidarar var engasjert i arbeidet i kyrkjelyden. Ein stor takk til alle!

Sluttkommentar.

Det påtroppande Ålvik sokneråd ynskjer å fortsette den gode satsinga med mål om auka deltaking på dei vanlege søndagsgudstenestane. Me har mykje å sette oss inn, då alle medlemmane er nye. Me ynskjer å vidareføre strikketreff i kyrkja, og tilbodet om kyrkjeskys vil bestå. Me ynskjer også å gjennomføre nokre tiltak inne i kyrkjebygget og sakristiet for å stette krava til universell utforming og auke funksjonaliteta av bygget både i forhold til trusopplæringstiltak og anna arbeid.

Som et ledd i betre marknadsføring av når det skjer noko i kyrkja i Ålvik annonserast alle gudstenester og andre tilskipingar både på facebookside til «Ålvik kyrkjelyd» og «Aktuelt i Ålvik», i tillegg til oppslag rundt omkring i bygda.

På vegne av soknerådet, 28.03.2020.

Ragnhild Irene Nordheim, soknerådsleiar.